

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Selskap:	Helse Vest RHF
Styremøte:	25. januar 2002
Styresak nr:	03A / 02 B
Dato skrevet:	21. januar 2002 Saksbehandler: B. Sandal
Vedrørende:	Profilprogram for Helse Vest – bruk av logo

Bakgrunn

Alle helseforetak og tilhørende driftseiningar i Helse Vest er medlem av den same familien. Dette er utgangspunktet for arbeidet med å byggje opp ein felles profil; som tilsaman er det totale inntrykket brukarar og innbyggjarar møter.

Kommentar

Helse Vest RHF sin profil skal vere:

- enkel
- ryddig
- oversiktleg
- moderne utan å vere prangande.
- signalisere estetisk kvalitet
- signalisere at vi er nøkterne

Hausten 2001 utarbeidde departementet logo og profilprogram for dei regionale helseforetaka. Profilbruk er viktig internt i dei einskilde regionane, men også i samspelet regionane imellom. Ved at alle regionar byggjer på profilprogrammet, formar vi ein felles, nasjonal identitet, som viser brukarane at heile Helse-Noreg heng saman.

Profilprogrammet må difor ligge til grunn for alt profilarbeid på alle nivå i organisasjonen, også for framtidig vedlikehald, evt. samordning og vidareutvikling.

Samstundes som vi byggjer opp den nye identiteten, er det framleis rom for å bruke eksisterande logo for dei driftseiningane som allereie har ein innarbeidd logo. Denne logobruken skal vere i tråd med profilprogrammet.

Felles profil internt i regionen gir ein synergi når det gjeld merksemd og kvar ein høyrer til. For mottakar er det avgjerande at vi har eit enkelt og ryddig oppsett – utan at dei ulike nivåa konkurrerer med kvarandre. Felles profilering er dessutan kostnadseffektivt for oss alle.

I samband med stillingsannonser er det geografisk næraste nivået viktigast for mottakar. I desse tilfella skal sjukehuset og foretaket framstå som avsendar og det regionale nivået må vere synleg gjennom logoen, i tråd med profilprogrammet.

Å gjennomføre ei total og heilskapleg profilendring er ein omfattande og svært kostbar jobb. Retningslinene for profilering må gjennomførast straks når det gjeld annonsar, publikasjonar, nettstader etc.. Når det gjeld til dømes skilting og namning av klede / utstyr, må utskiftinga skje på ein fornuftig og kostnadstilpassa måte.

Ei total profilendring er kostnadskrevjande. Tilbod er ikkje innhenta for våre driftseiningar. St. Olavs hospital har stipulert ei total profilendring til om lag 3 millionar kroner.

Forslag til vedtak

- 1: Det utarbeidde profilprogrammet ligg til grunn for all profilering, på alle nivå i helseregionen.
- 2: Helse Vest sin logo skal brukast i alle annonsar, trykksaker, publikasjonar, nettstader osv. for å innarbeide logoen og skape ein gjenkjennande effekt.
- 3: Dersom helseforetaka / sjukehusa har egne logoar, kan desse framleis brukast, no i kombinasjon med den regionale logoen slik det framgår av profilprogrammet.
- 4: Dei einingane (helseforetak / sjukehus / institusjonar) som ikkje har eigen logo, bruker Helse Vest-logoen som sin logo. I desse tilfella vil institusjonsnamnet tydeleg vise kven som er avsendar, jfr. profilprogrammet.
- 5: Utskifting av skilt etc. må gjerast innan ei rimeleg tidsramme, likevel slik at endringane er kostnadmessig forsvarlege.
- 6: Kostnader knytta til profilendringar blir dekkja av det einskilde foretaket.